

ÅRSMELDING FOR LYE FORSAMLINGSHUS 2009 FORSAMLINGSSTYRET

Forsamlingsstyret er styre for alt fellesarbeid på Lye Forsamlingshus. Fellesarbeidet omfattar barnearbeid, ungdomsarbeid og vaksenarbeid, og er noko alle eigarane har del i. Mange tar del i dette arbeidet og gjer ein stor innsats og styret vil nytte høve til å rette ei stor takk til alle som har deltatt i dei ulik arbeidsgreinene dette året. Denne innsatsen gjer oss i stand til i fellesskap å drive eit arbeid mot den visjonen vi har sett: Alle på Lye skal bli betre kjende med Jesus Kristus.

Forsamlingsstyret fram til årsmøtet 2009

Liv Heidrun Skaar Heskestad	formann
Frode Skårland	nestformann og sekretær
Vegard Hanssen	styremedlem
Margunn Salmelid	styremedlem, valt for eitt år
Gunnar Frøyland	prest
Ole Tørring	ungdomsprest

Forsamlingsstyret frå årsmøtet 2009

Liv Heidrun Skaar Heskestad	formann
Vegard Hanssen	nestformann
Frode Skårland	sekretær
Ingjerd Finnbakk	styremedlem
Geir Tore Salmelid	styremedlem, valt for eitt år
Gunnar Frøyland	prest
Ole Tørring	ungdomsprest

Forsamlingsstyret si oppgåve er å tene og leie forsamlinga. Overordna mål for arbeidet er å legge til rette for at visjonen skal bli nådd.

Forsamlingsstyret har i 2009 hatt 13 styremøte og behandla 63 saker.

Ungdomsarbeidet

Ungdomsarbeidet er del av fellesarbeidet på forsamlingsstyret, og er leia av ungdomsprest Ole Tørring. For skuleåret 2009 / 2010 er det tilsett eittåring i samarbeid med Bibelskulen i Grimstad. Forsamlingsstyret ønskjer å rette stor takk til Ole og eittåring Odd Vinsevik, for det gode arbeidet dei gjer blant ungdommane, og ei like stor takk til alle, både vaksne og ungdommar, som deltar i ulike tenestegrupper og oppgåver i ungdomsarbeidet. Sjå elles eiga melding for ungdomsarbeidet.

Juniorkro

Juniorkro er eit tilbod for born i 6. og 7. klasse, og samlast annankvar fredag med 20 – 30 deltakarar.

Innhald: andakt, spel, konkurransar og ulike aktivitetar. Av aktivitetar kan nemnast: hobbyverkstad, spele på ulike instrument og bordtennis.

Geir Tore Salmelid er leiar for Juniorkro, elles er Jarle Sæbø, Sæbjørn Sandsmark, Olaug Bjelland med.

Juniorkoret

Juniorkoret har øving kvar fredag, og ca 5 framføringar kvart semester. Koret hadde i 2009 9 betalande medlemmer, ei auke på 3 frå året før.

Av aktivitetar kan nemnast deltaking på Mukulamesse i Time kyrkje våren 2009 og Julespelet hausten 2009, i tillegg til deltaking på gudstenester på Forsamlingshuset og basar på Saron. Kormedlemmene er fra 4 – 8. klasse.

Dirigent/musikalsk leiar i koret er Ingunn Barvik Fredriksen og pianist/administrativ leiar er Lillian Hjørnevik

Barnegospel

Barnegospel har øving kvar måndag og har i 2009 hatt 13 – 14. medlemmer. Hausten 2009 var prega av øving til Julespelet. Elles har korte deltatt på Søndagskulebasaren 14. februar, NMS sin basar 14. mars, Basaren for Forsamlingshuset 7. november, Jolemesse på Saron 5. desember og på to gudstenester, ei vår og ei haust 2009.

Bodil Lima Helliesen er leiar for Barnegospel. Elles har desse vore med: Kari Stokka, Morten Slettebø, Kari Stokka (vår 2009) Magnhild Sørli (haust 2009).

Søndagsskulen

Søndagsskulen har samlingar parallelt med gudstenestene, har 51 medlemmer både vaksne og ungdommar blant leiarane. Hovudleiar er Jorunn Pettersen. Sjå eiga årsmelding frå Søndagsskulen.

Viktige saker i 2009

Viktige saker som styret har arbeidd med er lista opp punktvis. Nokre saker har utfyllande kommentarar.

Fokus på visjonen og strategiarbeid

Viktig for arbeidet i Forsamlingsstyret er å legge til rette for at visjonen får stå i fokus. Global Leadership Summit gav inspirasjon til ein bønneaksjon og "nakne-røtter gruppe".

Bøneaksjon

Året starta med bøneaksjon, etter inspirasjon frå Global Leadership Summit. To gonger for dagen i 3 månader tikka det inn sms-melding med bibelvers om bøn, og påminning om å be for nokon. Ca 30 tok del i aksjonen.

"Nakne røtter gruppe"

Ein har forsøk å starte ei gruppe med fokus på å leve ut trua i kvardagen, der dei som er med skal vere til hjelp og støtte for kvarandre. Dette melde det seg ikkje nok folk til, men tiltaket er ikkje lagt på is.

Middag for 6

Middag for 6 er eit sosialt tiltak for at forsamlinga skal bli betre kjende med kvarandre. I ein 6-vekers periode skal 6 / 7 personar møtast og ha ein sosial kveld og eit måltid saman. I 2009 deltok 37 personar i dette tiltaket.

Leiaroppfølging

Det er sentralt at leiarar får oppfølging og støtte, og ein har hatt ei samling for leiarar dette året. I tillegg ønskjer styret at så mange som mulig skal delta på Global Leadership Summit, som er eit leiarseminar i regi av Willow Creek Noreg.

Tenestegrupper

Arbeidet med organisering i tenestegruppene fungerer greitt, med leiar for kvar gruppe som er i gang. Det er etablert ei ny tenestegruppe dette året; tenestegruppe for drama. Ein har ikkje lukkast å få leiar til tenestegruppe for diakoni / omsorg, og gruppa er difor ikkje etablert. Behov for ei diakoni / omsorgsgruppe er stort.

Det er eit mål at så mange som mogeleg i forsamlinga skal få tene i samsvar med nådegåvene sine og organisert slik at folk får tene i fellesskap med andre. Ingen skal stå aleine i ei tenesta. Det er forsamlingsstyret sitt mål at kvar tenestegruppe skal ha ein leiar som har ansvar for at tenestegruppa har både eit åndeleg og eit praktisk fellesskap.

Tenestegrupper som er i funksjon, leiarar i parentes:

- Ungdomsarbeid (Asbjørn Brådland)
- Kreativ gruppe (Brit Ege Årsland)
- Prosjektor (Asbjørn Brådland / Henning Mæland)
- Lyd (Jone Ueland)
- Økonomigruppe (Leif Undheim)
- Gudstenesteutval (Liv Heidrun Heskestad)
- Sangteneste (Anna Bergitte Skårland)
- Dørteneste på gudstenestene (Ingjerd Finnbakk)
- Reinhald og innkjøp (Solveig Heggheim)
- Praktisk tenestegruppe for huset (Trond Heskestad)
- Bøneteneste (Vigdis Frøyland)
- Tenestegruppe for heimesida (Dag Henrik Fosse)
- Tenestegruppe for drama (Sigurd Idland)
- Tenestegruppe for nattverd i gudstenestene (Arne Heggheim)

Bibliotek

Forsamlingsstyret har ein del bøker, dvd-ar og cd-ar, som det er ønskeleg skal gjerast tilgjengeleg for forsamlinga. Forsamlingsstyret har bede husstyret setje opp bokhylle for materialet. Forsamlingsstyret har fått ein person til å fungere som bibliotekar.

Gudstenester

Gudstenester annankvar søndag er hovudsamlinga for alle på Forsamlingshuset, for forkynning og fellesskap. Dette er ein viktig møteplass og målet er at gudstenestene skal fungere som ein inngangsport til fellesskapet på Forsamlingshuset.

Statistikk for 2009

	Tal på samlingar, inkl. 17. mai	Til stades, snitt	Til nattverd, snitt	Dåp
Gudstenester	23	131	99	10

Samarbeid med Husstyret

Forsamlingsstyret har ikkje hatt felles styremøte med husstyret i 2009, men ein har likevel hatt god kontakt i saker der det var nødvendig.

Andre arrangement i 2009

- Global Leader Summit (GLS). 25 personar frå Lye deltok på GLS i Sandnes 30.-31. oktober.
- Forsamlingsstyret hadde ansvar for konfirmantfest i samarbeid med Time sokneråd, Husstyret og Ungdomsgruppa på Lye.
- Kyrkjelydstur til Brekko 6. september i samband med at Lye hadde ansvar for gudstenesta i Brekko kapell.
- Vaksenfest 26. september

Liv Heidrun Skaar Heskestad
Leiar Lye forsamlingsstyre